

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
E-post: postmottak@kud.dep.no

NOU 2010: 14 Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt – en moderne mediestøtte

Som redaktør i Fjordenes Tidende, ei av dei mange fådagsavisene som kjem ut på Nordvestlandet ventar eg med spaning på den endelege konklusjonen av det arbeidet som i løpet av året skal leggst fram gjennom Mediestøtteutvalget si innstilling. Eit arbeid som legg viktige føringar for framtida til avisene vi redigerer.

Fortsatt fritak for meirverdiavgift

Vi støttar Flermedialitetsalternativet klare tilråding når det gjeld vidareføring av null meirverdiavgift på papiraviser og vil be om at også digital publisering blir friteken for meirverdiavgift. Det er svært viktig for fådagsavisene at det er framhald i ordning utan meirverdiavgift på papiravis.

Dei aller fleste som abonnerer på ei fådagsavis er i tillegg abonnent på ei dagsavis. I ein stram annonsemarknad har det som kompensasjon vore nødvendig å auke abonnementsprisen. Det er et sjansespel i ei tid der vi ser at spesielt fjernabonnentar i aukande grad held seg oppdatert gjennom det gratis nettilbudet lokalavisa gir. Meirverdiavgift på toppen av ein etter mange si oppfatning høg abonnementspris vil gjere det lettare å velge bort abonnementet på papiravisa.

Erfaringane viser at det er familiar med dårleg økonomi som først prioriterer bort lokalavisa. Dette gjelder grupper som barnefamiliar og pensjonistar. Ei uheldig utvikling. Lokalavisene har ein viktig funksjon i dekningsområdet, ikkje minst for desse lesargruppene.

Vi meiner at dagens ordning med fritak av meirverdiavgift har vore viktig for å halde på den floraen av fådagsaviser vi har her i landet. Som lokalavis skal vi både informere og underhalde lesarane. Ein viktig føresetnad for dette er at vi har økonomi god nok til å lage kvalitetsjournalistikk og i tillegg drive produktutvikling, både på nett og papir. Framhald på ordning med momsfrтак vil vere eit viktig bidrag til dette.

Produksjonstilskottet

Produksjonstilskottet har vore avgjerande for at vi i dag har svært mange gode lokalaviser med fire eller færre utgjevardagar i veka. For mange små aviser betyr det eit vere eller ikkje vere. Produksjonstilskottet har eit stort økonomisk etterslep samanlikna med utviklinga i andre mediepolitiske verkemiddel. Vi ber derfor om at tilskottet blir auka, slik at også dei små avisene kan henge med i den raske utviklinga som no skjer i mediebildet.

Mvh
Erling Wåge
Redaktør / direktør

Måløy 14. april 2011

Fjordenes Tidende

erling.waage@fjt.no

91180780